



ULVIK KOMMUNE
Skeiesvegen 3
5730 ULVIK

Dato: 10.10.2017

Vår ref.: 2017/14820-2

Saksbehandlar: solrong

Dykkar ref.:

Att. Golis, Natalia

Vedr. spørsmål om søknad om revisjon av prioriteringssiste for BARK - Ulvik herad

Me viser til dykkar e-post av 14.09.2017 med søknad om revisjon av prioriteringssista for tilskotsordninga *Bevaringsprogram for Utvalgte Arkeologiske kulturminne* (BARK) for Ulvik herad. De søker om å få del av Nordmannsslepa mellom Osa og Hallingskeid, del av *Askeladden* ID 108366, inn på prioriteringssista for Ulvik herad.

Hordaland fylkeskommune legg sterkt vekt på lokale prioriteringar når det gjeld revisjon av lista. Lokalt engasjement er avgjerande for vellukka prosjekt. I tillegg til lokale og regionale prioriteringar har fylkeskommunen ansvar for å sikra god geografisk og tematisk balanse i prioriteringane for Hordaland.

Ved automatisk freda vegfar er geometrien eller traseen til kulturminnet lagt inn på grunnlag av fysiske observasjonar og historiske kjelder. Kvar dei gamle vegfara har gått er viktig kunnskap som fortel om ferdslivegar og utnytting av ressursar. Trass i at geometrien strekkjer seg over lange område er det likevel ikkje slik at det alltid er bevart fysiske spor av det gamle vegfaret i heile traseen. I tilfellet slepa Osa – Hallingskeid er delar av traseen – den delen som er aktuell for utbetring – svært rasutsett. Ved synfaring vart det ikkje observert spor etter det eldre vegfaret i form av oppmuringar, trapper eller anna. Det er difor ikkje så mykje snakk om restaurering eller skjøtsel av eit automatisk freda kulturminne, men eit prosjekt som tar sikte på å gjenoppredda moglegheita for ferdslivegar langs eit historisk vegfar. Dette er eit svært positivt tiltak, men vår vurdering er likevel at det ikkje er eigna til å vera eit «utvalgt arkeologisk kulturminne» som bør prioriterast for tilskot. I den delen av slepa der arbeidet skal gå føre seg er alle spor etter det automatisk freda vegfaret øydelagd, noko som er reflektert i at det ikkje vart vurdert som naudsynt for Venelaget for slepa mellom Osa og Hallingskeid å søkja dispensasjon frå kulturminnelova for å gjera inngrep i eit automatisk freda kulturminne.

På fagleg grunnlag kan Fylkeskonservatoren ikkje tilrå ein søknad om revisjon av prioriteringssista for BARK til å inkludera det aktuelle kulturminnet del av Nordmannsslepa Osa – Hallingskeid, del av *Askeladden* ID 108366. Me vil tilrå at de satsar på andre kulturminne som er prioritert for kommunen.

Dersom me ikkje mottar tilbakemelding frå dykk om at de ynskjer trekka søknaden, vert søknaden handsama i politisk møte i Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU). Me finn det likevel ryddig å ne

informera om at administrasjonen ikkje vil stilla seg bak ein slik søknad. Dersom de ynskjer råd og hjelp til å vurdera andre prosjekt, ta gjerne kontakt med underteikna sakshandsamar.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Solveig Lohne Rongved
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.